

ÅRSMELDING 2017

FOR

RADØY SKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 8 januar 2017 i Radøyhallen.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Øystein Dalland	Formann
Andrè Michelsen	Nestformann
Arnfinn Halland	Kasserar
Martin Soltveit	Materialforvaltar
Magne Arild Rath	Styremedlem
Kornelius Manger	1 varamedlem
Harry Helland	2 varamedlem

Året har vore prega av mykje dugnadsarbeid knytta til Stokkedalen, og første byggetrinn på 100m standplassen vart fullførd i mai. Aktiviteten på bana i Stokkedalen har vore bra, men det er framleis plass til mange fleire. Det er å håpa på at aktiviteten i året som kjem vert enno større. Ein kveld for veka var det skyting for dei under 18 år. Oppmøte har variert. Her må me verta bedre på å marknadsføra tilbodet for å få med fleire. I Radøyhallen varierer aktiviteten. Blant seniorane er aktiviteten laber innandørs.

Laget har arrangert fleire premieskytingar for dei yngste med varierande tal deltagarar. Me har og premiert dei yngste som har delteke på treningsskytingane, i hallen og på bana ute. Skytingenes dag vart arrangert 5 juni i samarbeid med NPK og NJFL. Oppmøte var bra, og arrangementet var vellukka. Det vart arrangert opningsskyting på nye bana i samband med skytingensdag 5 juni. Andre Michelsen og Alexander Mogen vann respektive klassar. Det har som fylgje av høgt fokus på dugnadsjobbing ikkje vorte arrangert fleire stevner i 2017.

Året har som nevnt tidligare nevnt vore prega av arbeidet i Stokkedalen der det er lagt ned mykje dugnadsarbeid på anlegget. Arbeidet med 100 m standplassbygg blei starta, og første byggetrinn ferdigstilt i mai. Andre byggetrinn blei starta på hausten, og vi reknar med at heile anlegget på 100 m bana blir ferdigstilt 1 kvartal 2018. Det er lagt ned svært mange dugnadstimar, både med administrative saker, arbeid med standplass og grav 100 m og drift av anlegget.

Det er sendt fornya søknad om spelemidlar for 100 m riflebane. Laget har fått utbetalt midlar bevilga av Radøy kommune.

NPK har tinglyst leigekontrakten med Radøy Skyttarlag og satt i gang arbeidet med søknad om spelemidlar til sitt anlegg i Stokkedalen. Arbeidet på pistolbana har også iløpet av 2017 starta med fjerning av jord, sprenging av masse og planering/opparbeiding av tomt.

Økonomien til laget er grei. Slik me vurderer det i dag maktar me å ferdigstilla 100 m riflebane. Det må føreliggja ferdigattest på anlegget før me får utbetalt spelemidlar og momskompensasjon for dette. Desse tilskota er viktige for den vidare utbygginga, og det er difor viktig at 100m vert ferdig så snart som mogeleg. Dugnadsgjengen som har arbeid på 100 m, har bestått av 10-12 personar. Og me er overtydd om at dei vil fullføra jobben på ein god måte.

I året som kjem må ein prøva å få inn sponsormidlar til anlegget. Aktuelle firma må tilskrivast. Skal ein koma vidare må ein lukkast med å få inn midlar utanfrå.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som gjekk, og ønskja lukke til å det nye året.

Alversund den 27 desember 2017.

For styret i Radøy Skyttarlag

Øystein Dalland

Form.